



Rapport frå IPS i Liverpool 13-15 september.

IPS var min første utanlandske konferanse innan smittevern/ hygiene. Mine inntrykk frå denne konferanse vil eg kort presentere i denne rapporten.

Konferansen starta første dag med eit *bli kjent møte* for deltakarar som for første gong var deltakarar på konferansen. Under ein lett frukost fekk vi stifte kjennskap med smittevern-/hygienepersonell frå andre nasjonar. England, Japan, Belgia og Nederland var nokre av dei landa som var representerte, og vi fekk innblikk i deira utdanning og arbeid innan overvaking og førebygging av smittevern/hygiene i deira heimland.

ACC(Arena and convention Center) låg ved hamna. Eit stort velorganisert konferansesenter med mange store og små auditoria. Alle deltakarane møtte første dagen i det store auditoriet for opning av konferansa, og presentasjon av IPS styret. I alt var det i år 400 deltakarar, noko som var mindre enn tidlegare.

Etter tre interessante sesjonar i det store auditoriet kunne deltakarane velje ut ulike tema etter eige ønske. Desse skjedde i dei andre auditoria. På den måten kunne representantar frå tannlegehelsetenesta og helsetenesta ha sine ulike sesjonar. Det var mange interessante prestasjonar innan fagfeltet smittevern/hygiene og godt organiserte sesjonar.

Helse Førde står overfor ei ombygging og reovering som krev ein del nytenking innafør fagfeltet. Eg var difor på «*shopping*» av tema som kunne vere i tråd med dette. Peter Hoffmann sin prestasjonen om ultrarein luft (LAF) i operasjonsstuer, samt bruk av oppdekkingsrom (sterilt bord) viste til ulike studiar som var aktuelle. Andre interessante presentasjonar var innan reingjering/dekontaminering av Transøsofagekko skop samt bruk av UV-lys og tørrtåke(gass) som desinfeksjon..

Det er mange innlegg som kunne bli trekt fram, men antibiotika resistente bakteriar, utvikling av bakteriane og deira transformering av desse, er i sterkt fokus og her var det mange gode innlegg. Førebygging av utbrot og kostandar ved utbrot, var og interessante presentasjonar, og kjem godt med i argumentasjon for førebygging og bruk av basale smittevernrutinar.

Vi ser at smittevern/hygiene i andre land møter dei same utfordringane som i Norge. Alle er på «*jakt*» etter dei gode metodane for implementering. Skal ein få dette til, så viser studiar at smittevern må ha forankring i leiing av organisasjonen, noko vi diskuterer i smittevern i Norge.

Kva sit eg att med ?

Kort sagt; det er inspirerende å få oppleve organiseringa av ein internasjonal konferanse og stifte kjennskap med andre smittevernpersonell frå andre land, her under også frå Norge i ei slik samankomst. Konferansa hadde eit variert og spennande program som famna om ulike tema,

og mange av tema vil vere nyttig i arbeidet mitt som hygiesjukepleiar. Både i møte med smittevernkontaktane i Helse Førde, i undervisningssamanheng og rådgiving elles. Nyttar høve til å takke for at eg fekk høve til å reise til IPS .

Mvh

Åse Skare
Hygiesjukepleiar i Helse Førde
27 september-2015